



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref
13/1398

Dato
7 NOV 2014

Kilåi kraftverk i Fyresdal kommune i Telemark - klage på avslag

Ketil O. Kiland og Fyresdal kommune ved ordfører Erik Skjervagen klager i ulike brev av 18.7.2012 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 27.6.2012 på søknaden om løyve til bygging av Kilåi kraftverk.

NVE har handsama klagene i brev til departementet av 19.8.2013, og har ikkje funne grunnlag for å gjere om sitt vedtak.

1. Bakgrunn

I søknad av 4.9.2006 søkte Skagerak Kraft AS om løyve til bygging av Kilåi kraftverk. NVE avsto i vedtak av 10.11.2006 søknaden utan ytterligare sakshandsaming da tiltaket etter deira vurdering var i konflikt med vassdraget sine verneverdiar, jf. vassressurslova §§ 34 og 35. Etter klage frå Skagerak Kraft AS blei vedtaket omgjort av departementet i vedtak av 11.3.2009 og returnert til NVE for ny handsaming, jf. forvaltningslova § 34, siste ledd. Departementet uttalte i ankevedtak av 11.3.2009 følgjande:

” ...

Etter en helhetsvurdering finner departementet at hvorvidt verneverdiene i Kilåi tillater en skånsom utbygging bør utredes nærmere gjennom en ordinær konsesjonsbehandling. Ved å åpne for konsesjonsbehandling med høring vil saken belyses gjennom innspill fra lokale og regionale myndigheter, herunder miljø- og kulturminnemyndigheter. Det kan gjennomføres befaring, og konsesjonsspørsmålet kan avgjøres ut i fra en helhetlig vurdering av inngrepets betydning for verneverdiene i vassdraget.”

Skagerak Kraft AS sendte ein revidert søknad til NVE 20.1.2010. Denne vart sendt på høyring og handsama på vanleg måte.

Kilåi kraftverk vil nytte eit fall på 135 m i Kilåi, mellom inntak på kote 468 og kraftstasjon på kote 333. Kraftverket er planlagd med ei slukeevne på 1,00 m³/s, som tilsvarar om lag 60 % av middelvassføringa på 1,65 m³/s. Det er foreslått slepp av minstevassføring på 100 l/s i perioden 1.5-30.9 og 50 l/s resten av året. Kraftverket vil med dette gi ein årleg produksjon på om lag 5,3 GWh.

Kilåi er verna mot kraftutbygging. Det er ein føresetnad for å gi konsesjon i verna vassdrag at utbygging og drift av kraftverket ikkje kjem i konflikt med verneverdiane. Verneverdiane i Kilåi er knytt til urørt preg og eigenskap som type- og referansevassdrag i eit område som elles har mykje utbygd vasskraft. Nedbørfeltet er vurdert til å ha høge verdier knytt til naturverdier og friluftsliv.

Fyresdal kommune, Telemark fylkeskommune, Kilegrend Grendelag og Telemark Turistforening er positive til at det gis konsesjon. Fylkesmannen i Telemark meiner at utbygginga kan akseptast. Naturvernforbundet i Telemark meiner at det ikkje bør gis konsesjon.

NVE legg i sitt vedtak vekt på vassdraget sitt urørte preg og at vassdraget er eit av få attståande vassdrag i området som ikkje er påverka av vasskraftutbygging. NVE meiner at ei kraftutbygging vil vere i strid med verneverdiane og ikkje kan tillatast, jf. vassressurslova §§ 34 og 35, 1. ledd, post 5 og 8.

Departementet synfor tiltaksområdet den 19.6.2014 saman med representantar for Skagerak Kraft AS, grunneigar, Fyresdal kommune, Fylkesmannen i Telemark, Telemark fylkeskommune, Telemark Turistforening, Naturvernforbundet i Telemark og Kilegrend Grendelag.

2. Klagene

Ketil O. Kiland og Fyresdal kommune har i brev av 18.7.2012 klaga på avslaget på søknaden om løyve til bygging av Kilåi kraftverk. Argumenta i klaga frå Ketil O. Kiland kan summerast slik:

- Klager meiner at Telemark fylke gjennom Verneplan IV og suppleringar har fått mange verna vassdrag.
- Klager meiner at utbygginga vil ha små nye inngrep. Klager uttalar at berre ein liten del av vassdraget blir påverka og at dei største verneverdiane i vassdraget ligg ovanfor og nedstraums tiltaksområdet.
- Klager synar til at med unntak av Naturvernforbundet i Telemark er alle høyringspartane positive til utbygginga.
- Klager meiner at NVE ikkje har lytta til innspela frå Fylkesmannen i Telemark.
- Klager meiner at området ikkje kan seiast å vere upåverka av tekniske inngrep. Klager synar til at vassdraget mellom anna har inngrep som følgje av lågbru, kraftverk og tidlegare tømmerfløting, samt at det er utbygd skogsvegar på både sider av elva.

- Ved ei utbygging vil Lågbrua ved utløpet av Saurvatn tettast for lekkasjar. Klagar meiner dette vil bidra til å redusere dei unaturlege høge vassstandsvariasjonane i Saurvatn.

Argumenta i klaga frå Fyresdal kommune kan summerast slik:

- Etter Fyresdal kommune sitt syn vil utbygginga ha sær avgrrensa med nye inngrep.
- Fyresdal kommune kan ikkje sjå at utbygginga vil svekke verneverdiane i det verna vassdraget. Fyresdal kommune meiner at det ikkje er mogeleg å gjennomføre ei kraftutbygging på ein meir skånsam måte og at tiltaket har så minimale konsekvensar som det er mogeleg å tenkje seg ved utbyggingar som det opnast for i St.prp. nr. 75 (2003-2004).
- Fyresdal kommune meiner at Telemark fylke har fått mange verna vassdrag gjennom verneplan IV og seinare suppleringar.
- Fyresdal kommune synar til at eit samrøystes kommunestyre gikk inn for utbygging av Kilåi kraftverk.
- Etter Fyresdal kommune si oppfatting kan NVE ha misforstått Fylkesmannen si vurdering om at stabiliseringa av Saurvatn er eit viktig avbøtande tiltak.
- Fyresdal kommune deler ikkje NVE si vurdering om at vassdraget vil få vesentlig redusert vassføring. Kommunen syner til at kraftverket berre vil nytte om lag 30 % av det årlege tilsiget.
- Fyresdal kommune meiner at det er vesentlege feil i NVE si sakshandsaming, mellom anna ved at temarapport om biologisk mangfald ikkje er nemnt og at NVE etter eige skjønn meiner verneverdiane blir rørt og difor ikkje kommenterar alle høyringsuttalene.

3. Departementet sine merknadar

Kilåi er verna i Verneplan IV for vassdrag. Det kan ikkje gis løyve til ei utbygging som vil vere i strid med vassdragsvernet, jf. vassressurslova § 35 fyrste ledd, punkt 5 og 8. Løyve til ei utbygging kan og berre gis om *”fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser”*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagarane som er naudsynt for å grunngje avgjerda. Departementet kan og ta omsyn til andre tilhøve som ikkje er tatt opp av klagarane.

Omsynet til vassdragsvernet

Kilåi vart verna mot kraftutbygging i Verneplan IV (1993). I stortingsvedtak av 1. februar 2005 vart det opna for konsesjonshandsaming av kraftverk med installert effekt opp til 1 MW i verna vassdrag. Konsesjon i verna vassdrag kan berre gis om utbygginga ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.

I Olje- og energidepartementet (OED) sine *”Retningslinjer for små vannkraftverk”* (2007) heiter det: *”Stortinget har vedtatt at det kan gis konsesjon for kraftverk med installert effekt mindre enn 1 MW (3 MW i Bjerkreimsvassdraget) under forutsetning at en utbygging ikke svekker verneverdiene. Dersom utbyggingen vil gå utover verneverdiene, kan NVE avslå*

konsesjon uten ytterligere saksbehandling. Hensynet til verneverdiene har avgjørende betydning ved konsesjonsbehandlingen og det vil derfor bare unntaksvis bli gitt konsesjon til kraftverk i vernede vassdrag”.

I vassressurslova § 35 nr. 8 første punktum slås det fast som et generelt prinsipp at det skal legges vesentleg vekt på verneverdiene ved avgjørd etter vassressurslova. I St.prp. nr. 118 (1991-92), *Verneplan IV for vassdrag*, legges det mellom anna vekt på at Kilåi er lite påverka av inngrep og er godt egna som type- og referansevassdrag i et område som elles er sterkt prega av vasskraftutbygging. I NOU 1991: 12B uttalast det at *”Bortsett frå noe hogst i vestlige deler er området nesten ikke påvirket av tekniske inngrep og godt egnet som referansevassdrag. Vest-Telemark er tidligere ikke representert med vassdrag som er egnet som type- eller referansevassdrag”.*

Songedalsåi i Fyresdal og Tokke kommunar og Gautefallelva i Nissedal og Drangedal kommunar vart også verna i verneplan IV. Av andre verna vassdrag i regionen kan området vest for Fyresdalsvatnet, som vart verna i verneplan III, og nemnast.

NVE deler klager si oppfatting om at det er presentert ei utbyggingsløyising som har mindre tekniske inngrep i terrenget enn mange tilsvarende prosjekter. NVE meiner likevel at på bakgrunn av at vassdraget sine verneverdiar er knytt til vassdraget sitt urørde preg i eit område med få attverande vassdrag som ikkje er påverka av vasskraftutbygging, kan det ikkje gis løyve til kraftverket.

Kraftverket vil i stor grad etablerast i tilknytning til eksisterande infrastruktur. Departementet meiner at terrenginngrepa som vil følgje av kraftverket er moderate og ikkje av ein slik karakter at det kan seiast å vere i strid med vassdragsvernet.

Departementet meiner at naturlege hydrologiske variasjonar i stor grad bør oppretthaldast i verna vassdrag. Naturlege variasjonar i vassføring sikrast gjennom tilpassing av største slukeevne og slepp av minstevassføring. Det er søkt ei slukeevne på 1 m³/s, som svarar til 60 % av middelvassføringa. Det er vidare foreslått slepp av minstevassføring på 150 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 50 l/s resten av året.

Det er ingen vesentlege landskaps-, natur- eller andre verdiar knytt til elvestrekninga som vil fråførast vatn ved ei utbygging. Departementet meiner at med eit avgrensa uttak av vatn, som sikrar at naturleg vassføring i stor grad oppretthaldast, vil utbygginga av Kilåi kraftverk ikkje vere i konflikt med vassdragsvernet.

Naturmangfald

Skjønsutøvinga ved sakshandsaming etter vassressurslova må vere i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova. Det inneber at utbygging av små vasskraftverk og miljøkonsekvensane av slike tiltak skal vurderast i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv, der det enkelte tiltak sitt bidrag til den nasjonale satsinga på fornybar energi, omsynet til kraftforsyningstryggleik og tapet eller øydelegging av naturmangfaldet på sikt vurderast. Føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved departementet si

handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli råka av tiltaket.

Etter departementet si vurdering er det på bakgrunn av dokumenta i saken og opplysningar frå konsesjonshandsaminga god kunnskap om verdiane i vassdraget. Også verknadane av tiltaket vurderast som godt kartlagt. Departementet finn at krava om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar som forventast å bli nemneverdig skadelidande ved ei utbygging av Kilåi kraftverk. Det er registrert ein bekkekløftlokalitet som er vurdert til å vere av lokalt viktig verdi (C). I følge søknaden sin miljørapport er potensialet for artar med særleg stort krav til fossesprøyt og fuktig luft i denne lågt. Potensialet for funn av verdifulle naturverdiar i tiltaksområdet er og samla vurdert som lågt. Departementet har sett Kilåi kraftverk i samanheng med andre påverknadar på naturmangfald i vassdraget og elles i regionen, og finner at den samla belastninga ved ei utbygging av Kilåi kraftverk er akseptabel, jf. naturmangfaldlova § 10.

Departementet meiner at naturverdiane og mogelege konsekvensar som følgje av Kilåi kraftverk ikkje er av ein karakter at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 kan tilleggjast nemneverdig vekt.

Jamfør naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom det ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I vassdragskonsesjonar gis det eit sett med vilkår der dette leggjast til grunn. I konsesjons- og klagehandsaminga er ulike løysingar til utbygging vurdert. Etter departementet sitt syn er miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar vurdert i tilstrekkeleg omfang, jf. naturmangfaldlova § 12.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Kraftverksinntak, røyrgate og kraftstasjon vil i stor grad etablerast i tilknytning til eksisterande vegar og andre eksisterande inngrep. Det er i stor grad semje mellom søkjar, NVE, høyringspartar og fagrapporten om biologisk mangfald om at dei tekniske inngrepa som følgjar av Kilåi kraftverk vil vere av avgrensa karakter.

Friluftsverdiane skal i all hovudsak vere knytt til områda ovanfor tiltaksområdet. Elva er lite synleg frå omgjevnaden og det er lite ferdsel langs elvestrekket som vil fråførast vatn. Elvestrekinga som fråførast vatn har etter departementet si oppfatting ikkje verdiar utover som lokalt landskapselement.

Etter departementet si vurdering vil ei utbygging av Kilåi kraftverk, på nærare fastsette vilkår, ha få negative konsekvensar for landskap, friluftsliv og brukarinteresser.

Oppsummering

Kilåi kraftverk vil i samsvar med omsøkte planar bidra med om lag 5,3 GWh fornybar energi. Tiltaket vil gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar, grunneigar og kommunen.

Departementet meiner at ei utbygging, på nærare fastsette vilkår, ikkje vil vere i konflikt med vassdragsvernet. Etter departementet si vurdering vil Kilåi kraftverk ha små negative konsekvensar for landskap, biologisk mangfald, friluftsliv og andre interesser.

Departementet meiner at under føresetnad om tilstrekkeleg minstevassføring og noko redusert slukeevne, vil Kilåi kraftverk ikkje påverke dei sentrale vernekriteria negativt og soleis ikkje vere i konflikt med vassressurslova, jf. § 35, post 5 og 8. Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for konsesjon er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. Departementet sitt vedtak

Klaga frå Ketil O. Kiland og Fyresdal kommune tas til følgje. Det gis konsesjon til bygging av Kilåi kraftverk på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

5. Departementet sine kommentarar til vilkår og andre forhold

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Skagerak Kraft AS har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspennanlegg med legging av 1,4 km lang 22 kV jordkabel frå kraftstasjonen til eksisterande fordelingsnett ved Kilegrend.

Verknadane av tilknytingslinja inngår i departementet si heilskapsvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Vest-Telemark Kraftlag AS er netteigar og områdekonsesjonær. Departementet finn det ikkje naudsynt med eigen anleggsconsesjon etter energilova for høgspennetilknyting til eksisterande nett, dersom Vest-Telemark Kraftlag AS står for bygging og drift av nettanlegget. Naudsynt høgspennanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon. Dersom Skagerak Kraft AS ønskjer eigen anleggsconsesjon, må det sendast søknad om dette til NVE når eksakt størrelse på elektriske installasjonar er klart. NVE kan da meddele eigen anleggsconsesjon for kraftverket.

Vest-Telemark Kraftlag AS har i brev av 19.7.2006 uttala at dei ikkje har merknader til tilknytninga og at dette kan gjerast i medhald av deira områdekonsesjon. Vest-Telemark

Kraftlag AS uttalar vidare at ein får kome tilbake til tekniske og økonomiske avtalar for utbygginga.

Departementet har ikkje gjort ein grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gir saker som er underlagt konsesjonshandsaming etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føresett at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan settast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Det må søkjast til Fylkesmannen om naudsynt avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. Departementet har ikkje myndigheit til å gi vilkår etter forureiningslova.

Forholdet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep gjennomførast i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden svekkast dersom:

" ...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- *formålet med de nye inngrepene ikke med rimelighet kan oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter. "*

Etter departementet sitt syn viser vurderingane av tiltaket i forhold til prinsippa i naturmangfaldlova at Kilåi kraftverk har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om avbøtande tiltak for å redusere verknadane. Formålet med utbygginga er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet og bidra til lokal sysselsetting og verdiskaping. Kraftverket vil og gje inntekter til grunneigarar og kraftutbyggjar. Departementet meiner at fordelan utbygginga medfører ikkje kunne vært oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderar vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylt.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova:

Post 1: Vannslipp

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden:

Middelvassføring	l/s	1650
Alminneleg lågvassføring	l/s	30
5-persentil sommar	l/s	20
5-persentil vinter	l/s	140
Største slukeevne	l/s	1000
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	60
Minste driftvassføring	l/s	180

Det er søkt om løyve til ei utbygging med største slukeevne på 1000 l/s, som svarar til 60 % av middelvassføringa. Det er vidare foreslått slepp av minstevassføring på 150 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 50 l/s resten av året.

Departementet meiner at omsøkt slukeevne på 1000 l/s, som svarar til 60 % av middelvassføringa, er eit høgt uttak av vatn i eit verna vassdrag. Vernegrunnlaget for Kilåi er mellom anna at vassdraget har eit urørt preg i eit område som elles har mykje vasskraftutbygging. Departementet ser det som viktig at vassdraget i stor grad har naturlege hydrologiske variasjonar og etter ei utbygging. Departementet fastsetter at største slukeevne kan være inntil 800 l/s, som svarar til i underkant av 50 % av middelvassføringa. Kraftverket vil med dette ha noko hyppigare og lengre periodar med flaumoverlaup enn omsøkt alternativ. Produksjonen vil som følge av reduksjonen i største slukeevne etter NVEs berekningar reduserast frå om lag 5,3 GWh/år til om lag 4,5 GWh/år.

Departementet fastsetter at det skal sleppast 150 l/s i minstevassføring i perioden 1. mai til 30. september og 50 l/s resten av året. Dette er i tråd med søkjars foreslegne minstevassføring.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det settes opp skilt med opplysningar om krav til vasslepp som er lett synleg for ålmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilt.

Departementet presiserar at start-/stoppkjøring av kraftverket ikkje skal førekomme. Kraftverket skal kjørast jamt og i takt med tilsiget. Det gis ikkje løyve til regulering av Saurvatn. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mogleg erosjonsfare, samt vassdraget sin status som verna vassdrag.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal føreleggast NVE sitt regionkontor i Tønsberg og godkjennast av NVE før arbeidet settast i gang.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam og vassveg kan settast i gang, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassa er bestemmende for sikkerhetskrava som stilles til planlegging, bygging og drift og må derfor være avklart før arbeidet med tekniske planer startar. NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til handsaming før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet i nettet og at kostnadsfordelinga er avklart, jamfør merknadane under avsnittet "Forholdet til energilova".

Departementet synar også til merknadane i vilkåras post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen nedanfor søker å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel forekomme at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje er med i tabellen. Departementet presiserar at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

Departementet har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Slik som oppgitt i søknad. Det skal leggjast stor vekt på at inntaket byggjast slik at det blir minst mogleg synleg i landskapet.
Vassveg	Nedgraven og boret i fjell slik som oppgitt i søknad. Traseen kan justerast i samband med detaljplan. Røyrtraseen skal tilpasses terrenget på best mogleg måte.
Kraftstasjon	Plasserast om lag på kote 335 slik som omsøkt.
Største slukeevne	800 l/s. Største slukeevne kan ikkje aukast under detaljplan.
Installert effekt	Installert effekt skal ikkje overskride 0,99 MW.
Vegar	Midlertidige og permanente vegar skal byggjast i tråd med det som er oppgjeve i søknaden, men kan justerast i samband med detaljplan. Løyve til utvida bruk av avkjørsel frå fv. 355 til kraftverket må avklarast med Statens vegvesen.

Det er angitt i tabellen om det kan gjerast justeringar i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er oppgjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planer godkjent av NVE, slik som planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydelig frem ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning tas med i konsesjonen sjølv om det i dag synes lite aktuelt å pålegge ytterlegare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til tiltaket sin størrelse og verknadar.

Post 6: Automatisk fredete kulturminner

Departementet føreset at utbygger tar den naudsynte kontakta med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det støytast på kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Vedlegg: Vilkårssett

Kopi til:

Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Telemark
Norges vassdrags- og energidirektorat
Telemark fylkeskommune
Vest-Telemark Kraftlag AS
Skagerak Kraft AS
Naturvernforbundet i Telemark
Telemark Turistforening

Adresseliste

Fyresdal kommune

Ketil O. Kiland

Kilegrend